



Hafslo 20.06.2023

Årsmøteprotokoll for FAU HBUS, skuleåret 2022/23
(deltakarar er alle FAU-representantar og klassekontaktar):

Tysdag 20.06.2023 kl.19:00 – ca. kl. 21:00

Stad: Auditoriet

Til stades blant, Klassekontaktar og FAU representantar ved Hafslo Barne og Ungdomsskule for skuleåret 2022/23, nyvalgte FAU representantar for skuleåret 2023/24 og klassekontaktar for kull 2017: Anne Grethe Sønsthagen, Ine Jeanett Skjerven, Ann Kristin Torgersen, Tonje Torgersen, Lars Olav Halleråker, Karin Street, Linda Kristin Brunborg, Janne Grønbech, Sandhya Holene, Eirik Hoem, Linda M Hagelin, Anne Therese Moen og Øyvind Oksnes.

Med bakgrunn i at det er ynskjeleg at FAU og klassekontaktane kjem i gang med arbeidet sitt snarast råd etter skulestart, samt at avtroppande får gjort arbeidet sitt ferdig til skuleslutt, så har FAU for 2022/23 foreslått å flytte årsmøte frå haust til vår. Dette vil medføre at vedtekter må endrast, dette må iht gjeldande vedtekter gjerast på eit årsmøte. Så for å kunne gjennomføre dette no, har me vald å kalle inn til ekstraordinært årsmøte.

På ekstraordinært årsmøte kan me berre handsama saker på saklista, så for å unngå fleire møter, eller brudd på vedtekter, så har me også ført opp alle ordinære årsmøtesaker. Dette vil også krevje endring av Handbok for foreldrerepresentantar, Årshjul og muligens også Forventningar skule – heim.

Sakliste til ekstraordinært årsmøte:

1. Val av møteiar, referent, og representantar til å signera protokollen (referatet):

Møteiar: Øyvind Oksnes

Referent: Anne Therese Moen

Signering av protokoll: Tonje Torgersen, Sandhya Holene

2. Godkjenning av innkalling og dagsorden for møtet: Ingen innvendinger på innkallinga. Dagsorden vert tatt punktvis, men snur om på punkt 7 og 8, for at klassekontaktene kan få tre av før konstituering av nye styret.

3. Rekneskap FAU: Økonomiansvarleg ikkje til stades. Men etter leiars kjennskap er saldo 0,- då det var inngåande saldo pr 1.1.2023. (dette er også bekrefta pr tlf av økonomiansvarleg).

4. Endring av vedtekter: Foreslått endringar merka med raud skrift i vedlegg 4a1, samt dokument med nye vedtekter i vedlegg 4a2.
Ingen innvendingar frå salen. Saken vedtatt

5. **Endring av andre dokumenter for:** FAU, klassekontaktar og liknande, foreslått endringar merka med raud skrift i vedlegg 5a1 og 5c1.
samt nye dokument med i vedlegg 5a2, 5b2 og 5c2.
Ingen spørsmål frå salen. Endring vedtatt.
6. **Godkjenning av gjennomført val:** Nedanfor er lista over val gjennomført i Mai 2023, gjeldande for skuleåret 2023/24.
Val vedtatt.

Kull	Klassekontakt	Klassekontakt	FAU
2017	Linda Tveit Beheim	Svanaug Dvergedal Torgersen	Anne Grethe Sønsthagen
2016	Kine Torgersen Øygard	Helen Wangsvik	Karin Street
2015	Anja Renate Buskaker	Ann Kristin Torgersen	Eirik Hoem
2014	Siri Liestøl Christiansen	Ruth Karin Kvam	Tonje Været
2013	Stine Solvi	Magnhild Haugsvær	Lars Olav Halleråker
2012	Kjerstin Bremer	Nina Bringedal	Ine Jeanett Skjerven
2011	Tom Hjelmeseter	Malin Tanita Stave Kolseth	Anne Grethe Lomheim
2010	Aslaug Øydvin	May Toriseth	Tomas Kjølraug
2009	Sandhya Karlsen Holene	Karita Nes	Janne Grønbech
2008	Janniche Eikefjord	Geir Aardal	Linda M Hagelin

Kull	Økonomiansvarleg	Økonomiansvarleg
2017	Øystein M. Klepsvik	
2016	Tonje Torgersen	
2015	Sandhya Karlsen Holene	
2014	Hanne Loen Stranden	
2013	Inge Teigen	
2012	Tom Dyrdal	Ingvild Midtun Kjos
2011	Rebekka Hjørnevik Solheim	
2010	Inge Teigen	Tom Dyrdal
2009	Ingvild Midtun Kjos	
2008	Elin Hilleren	

7. **Konstituere FAU og SU, jf §.4 i vedtektene**

FAU:	SU:
Leiar:	(leiar FAU)
Nestleiar: Eirik Hoem	(nestleiar FAU) Eirik Hoem
Kasserar:	(medlem FAU) Anne Grete Sønsthagen
Referent: Lars Olav Halleråker	Vara: Karin Street
Medlem: Karin Street	
Medlem: Tomas Kjølraug	Ungdomsutval:
Medlem: Janne Grønbech	Linda M Hagelin
Medlem: Anne Grete Sønsthagen	Tomas Kjølraug
Medlem:	Janne Grønbech
Medlem:	

8. Orientering frå FAU:

- FAU hadde 7 møter og 63 nummererte saker dette skuleåret (35-40 saker dei to førre skuleåra). Nokon saker vart tatt opp igjen fleire ganagar, så reelt antal var noko mindre. Største sakene i år var trafikktrygging, høyringssvar og endring av styrande dokumenter.
- FAU sendte inn fleire høyringssvar og innspel til m.a. Budsjett, SFO vedtekter, bruk av husmorskulebygget, trafikktryggingsplan etc.
- Me hadde som mål å rekruttere fleire inn som klassekontaktar, økonomiansvarlege og i FAU, for å få litt rotasjon i kven som sit i styre og verv, det er derfor gledeleg å sjå at fleire nye har kome til, og det er ferre namn som er ført opp fleire plassar.
- Arbeida med å få FUG til å kome på besøk til oss, dei hadde foredrag/kurs med tilsette på skulen og SFO, samt FAU og storforeldremøte.
- Viktig at foreldre melder inn saker til FAU.
- Alle innmelde saker har vore handsama og svart ut. Nokon direkte og nokon gjennom referat.
- Viktig med fokus på samarbeidet heim-skule, kva blir best for alle (barn, føresette og tilsette). Me ønskjer ærlegheit og eit godt samarbeid med skulen, SU og andre relevante samarbeidspartar.
- Ønskjer at klassekontaktane informerer i klassane sine facebooksider kvar ein kan finne saklister og møtereferat for FAU (Gå på heimesida til Hafslo barne- og ungdomsskule. Finn FAU i menyen til venstre. Der blir det lagt ut saklister og referat fortløpande). <https://www.luster.kommune.no/fau-su-smu.257269.nn.html>

Saker som må/bør arbeidast vidare med til neste skuleår:

-Gratisprinsippet

-Opning av Hjartesone/droppsona

-Fleirbrukshall

-FUG, oppfølging av endringar ifm foreldremøte etc

*3delt; informasjon, dialog mellom skule og foreldre, aktivitet for foreldra

*Arbeide vidare med inforskriv/styrande dokument

Då ikkje alle var til stades, har årsmøte bestemt, at påtroppande FAU gjennomfører møte for å konstituere seg ferdig ila 14 dagar deretter blir pkt 7 i protokoll fullført og signert.

Signering av protokoll

Tonje Torgersen

Sandhya Holene